



## Møtebok Hardanger og Voss Ungdomsråd 07.12.2023 på Eidfjord ungdomsklubb

### Tilstades:

Eidfjord kommune	Ungdomsrådsleiar Are Dalseide
Kvam herad	Ungdomsrådsleiar Ida Djupevåg
Kvam herad	Ungdomsrådsnesteleiar Malene Utskot
Ulvik herad	Ungdomsrådsleiar Sophia Basilio
Ulvik herad	Ungdomsrådsnesteleiar Johanne Hjeltnes
Voss herad	Ungdomsrådsleiar Sara Michelle Clarke
Voss herad	Ungdomsrådsnesteleiar Emil Velken Soldal

### Forfall:

Ullensvang kommune	Ungdomsrådsleiar Isak Al Bayati
Ullensvang kommune	Ungdomsrådsmedlem Ylva Svåsand Førde
Eidfjord kommune	Ungdomsrådsnesteleiar Martinius Næss Solheim

### Kontaktpersonar:

Eidfjord kommune:	Kari Læg Reid og Timo Knoch
Hardangerrådet iks:	Trude Læg Reid Rinaldo

### SAKLISTE:

#### Inspirasjon:

Omvising og informasjon om ungdomsklubben i Eidfjord. Både ordførar Timo Knoch og varaordførar og ungdomskontakt Kari Læg Reid var med. Dei er i ferd med å opne eit heilt nytt konsept, der ungdommane får eigne nøkkelkort, og såleis kan nytta klubben og lokala når dei ønskjer.

**HU-sak 21/23**                      **Saker melde inn ved møtestart**

**HU-sak 22/23**                      **Ny Hardanger og Voss Opplæringskonferanse 2024**

**Kort evaluering frå : Kva kunne me gjort annaleis i 2023?**  
Meir struktur og betre kommunikasjon/gjennomføring på konferansen

### Opstart arbeid med ny Opplæringskonferanse våren 2024

Tid: Februar 2024

Stad: RØFF på Ystanes, Ullensvang

### Forslag til tema og gjennomføring *Opplæringskonferansen 2024:*

- Politisk/kommunal opplæring. Korleis henga med? Det kan vera utfordrande å forstå og følgja med på alle utvalg og alt som skjer i den kommunale verda, både politisk og administrativt.
- Invitera alle ordførarane, og utfordra dei til å vera aktivt med.
- Kan ungdommen bli grilla av ordførarane med spørsmål som: " Kva driv ungdom på med?"; "Kva tek dei med seg heim saman etter ein slik dag?"; "Kva skal til for at dei vil bu i Hardanger?"
- Kan ein også ha grupper (8-10) som går rundt til stands der ein ordførar står med ei

utfordring. (Desse utfordringane skal kvart ungdomsråd også ha arbeidd med før konferansen.)

- Dela kunnskap om suksessen til Kvam herad sitt ungdomsarbeid og ungdomsråd
- Motorsport kan vera eit tema. Dette arbeider alle kommunane med på eit eller anna vis  
Vegen vidare -ikkje ferdige; korleis skape noko for ungdom?; Dette er førebyggjande og bra for psykisikk helse.
- Transport. Invitera Skyss til dialog på konferansen.

Viktig at ein før konferansen har klargjort "Førebunade spørsmål/utfordringar", som vert sendt ut til alle medlemmane.

**HU-sak 23/23 Erfaring og lærdom frå arbeid med kommunale saker og budsjett**  
Dialog rundt bordet. Det er litt ulik praksis, så fint å dele erfaring.

**HU-sak 24/23 Erfaring frå deltaking på ulike konferansar**

**1. Tilbakemelding på nettverkssamling for Vestland ungdomsutval?**

Dei som reiste er svært nøgde og anbefalar alle å ta del til neste år. Til våren er det [Fylkesting for ungdom](#) og alle kan verta valde inn i Vestland ungdomsutval.

**2. Ulvik ungdomsråd var på Hardangerkonferansen 2023 - tilbakemelding**

Det var svært mykje informasjon, men interessant og lærerikt.

Ungdomsrådet vil gjerne ha innlegg til neste år, og ønskjer meir informasjon om Hardangerkonferansen på eit tidlegare tidspunkt.

**HU-sak 25/23 Nytt frå kvart ungdomsråd**

Utsett til neste møte.

**HU-sak 26/23 Saker melde inn ved møtestart**

Ingen saker melde ved møtestart

Eidfjord 07.12.2023

Trude Lægreid Rinaldo  
Sekretær Hardanger og Voss Ungdomsråd